

Tevling i Dømming av geit



Heftet er revidert av
Norges Bygdeungdomslag.

1. Korleis tevlinga, i dømming av geit, bør ordnast.

1. Før tevlinga tek til vert dei dyr som skal nyttast under tevlinga, tekne ut og dømde av to røynde geitedomarar. Dei fyller ut eit dømeskjema for kvart dyr, med poeng og merknader, og dette domarskjema vert så nytta som mælestav under tevlinga.
2. Tevlarane bør ikkje få høve til å sjå dei dyr som skal dømast før tevlinga tek til, og dei bør heller, ikkje få høve til å konferera med dei tevlarane som er ferdige med døminga.
3. Kvar tevlar skal døma 2 eller 3 dyr, og han må ikkje bruka meir enn 10 min. på kvart dyr.
4. Før tevlinga tek til gjev tevlingsleiaren ei stutt utgreiing om tevlingsreglane og dørringa.

2. *Døminga.*

1. Poengsettinga for dei einskilde kroppslutar.
For at tevlarane skal få best mogeleg tame i å merka seg feilar og føremunar hjå dyra, skal dei -døma kvat kroppsfut for seg og gje poeng for den. Her nyttar ein poengskala 1-5. Er t. d. hovud og hals så midt i laget korkje å lasta eller å kyta av, vil det høve å sette poenget for desse kroppslutene til ca. 2.5. Er derimot hovud og hals betre enn på geiter flest - ja kanskje utifrå bra, så må poenget settast høgare, kanskje opp mot 5. Sameleis kan ein måtte gå heilt ned mot 1 poeng når ein kroppsfut er sers ring.

2. Poeng for samla omdøme.
Når ein har gjeve poeng for dei einskilde kroppslutene, tek ein eit samla oversyn over dyret. Her er det ikkje utviklinga av ein eller eit par kroppsluter som gjer utslaget åleine, men meir høvet og samspelet mellom dei einskilde deler av dyret.
Det er poenget for samla omdøme som er det viktigaste, og som nærmast kan samanliknast med den vanlege eksteriørpremieringa på eit vanleg geitesjå. For å få ei noko nøgnare gradering nyttar ein her poengskala 1-10.

Som ei rettesnor for tevlarane kan ein nemna at dyr som i

samla omdøme kjem	under	5 poeng vil knapt nå i premi	
samla omdøme kjem	millom	5 og 6 ½	poeng truleg 3. pr.
samla omdøme kjem	millom	7 og 8 ½	poeng truleg 3. pr.
samla omdøme kjem	over	8 ½	poeng truleg 3. pr.

3. Tevlararen si omtale av alder, let o.l.
Øvst på dømeskjema er sett opp ein del spørsmål som tevlararen skal svara på, kva alder dyret har ca., og ei stutt omtale av leten (fargen). Tannsettet vil seia ein heil del om alder, sameleis horna (om dyret har det). Domaren gjev frå 0 til 5 feilpoeng etter som tevlararen har svart på spørsmåla.

4. Ved poengsettinga vert det ikkje nytta finare gradering enn eit halvt poeng.

5. Merknader.
På dømeskjema er det laga plass for merknader. I fall eit poeng vert sett sers lågt, bør tevlararen skriva ein stutt merknad om årsaka til det.

6. Utrekninga av tevlingsresultatet.
Når tevlinga er ferdig legg ein saman alle feilpoenga til kvar tevlar. Denne summen deler ein så på det dyretallet som vedk. tevlar har dømt. Den tevlararen som då kjem ut med den lågaste sum feilpoeng har vunne tevlinga.

Retningslina for al av geiter.

Når det gjeld dei andre husdyra våre, t. d. hesten, kua og sauene så skjel ein mellom fleire yike rasar innan kvart av desse husdyrslaga. Når det gjeld geitene her i landet, så har me ikkje nokon sikker raseskildnad slik. Vel er det så at ein i einskilde landsluter kan ha ei viss fargetype som går meir att hjå geitene enn andre fargar, og det same kan gjelda horn eller ikkje horn. I Telemarksbygdene har ein såleis mest av dei kvite kollute geitene, difor vert desse kvite kollene ofte kalla Telemark-geiter.

I dei beste geitebygdene i Gudbrandsdalen har ein tidlegare hatt mest av dei myrke (blå, svarte, salete) og kollute geitene, denne fargetypa skyle såleis vera typisk for Gudbrandsdalsgeita. På Vestlandet og i Nord-Norge skyle ein så ha mest av dei hornute geitene. I fall ein skyle nemna ei fargetype som kanskje finst oftare enn andre hjå geitene her, måtte det kanskje vera den brune, ålute fargen. Men så å seia i alle geitestrok her i landet finn ein mest alle dei geitefargar som kan førekoma, og hornute og kollute geiter om ein annan, og same ulikskapen er det når det gjeld storleik, bygnad og yte-evna. Årsaken til dette er at det har vore lite av planfast utval i geitealet her i landet til denne tid - korkje etter farge, bygnad eller yte-evna. Så førebils kan me samla alle geitene her i landet i ein rase og kalla dei norsk geit.

Dei viktigaste krava som ein må stilla til ei bra geit

Det ein fyrst og fremst må ta sikte på i geitealet er å få fram ei sterk og velbygd geit med hag yte-evna. Dette med leten (fargen), og horn eller ikkje horn har på sett og vis mindre å seia, yte-evna hjå geita er neppe bunden til nokon av desse eigenskapane. Derimot kan det t. d. ha praktiske føremunar å ha kollute geiter, lei er til vanleg betre å stella under inneforinga.

Geita er rekna til småfeet og kjem såleis i klasse med sauene. Men ein kan likevel ikkje stille nett same krava til kroppsbyggnaden åt desse tvo dyreslaga. Sauen skal vera slik bygd at han kan produsera og lagra hykje kjøt og ull. Geita derimot skal - liksom kua, gjeva største avdråtten i form av mjølk. Denne ulike forma for yting vil også verka inn på dei krava ein kan stille til kroppsbyggnaden.



Bygnad, storleik og mjølkemengd.

Hovudet hjå geita kan vera noko meir langstrekt enn hjå sauene, men kraftigt (og høveleg stort, med rett naserygg og klåre, friske augo. Øyro skal venda noko fram og oppover slik at øyrelaget vert friskt. Horna (om dyret har det) skal vera høveleg store, og velforma - venda noko att, - og utover.

Halsen

Halsen skal ha bra reisning, og kan vera noko lenger og smalare hjå geita enn hjå sauene, bukkane derimot skal ha stuttare og fyldigare hals.

Brystet

Brystet skal vera djupt og breitt, og bogane skal vera kraftige og godt feste til bryst og sider. Kroppen elles skal vera høveleg lang, med rak, sterk rygg, brei side og djupe svangar. Sett frå sida skal overlina vera rett, frå halskroken, og attover til krysset, og underlina frå brystet og attover til svangane og låra.

Krysset

Krysset må ikkje vera for, stutt og hengande, og det må fram om alt vera breitt, slik at det gjev plass til eit stort og breitt jur. Låra treng ikkje vera så fyldige sett attanfrå, men frå sida skal dei verka djupe og kraftige.,

Beinsetnaden

I Beitetida skal geita ferdast i fjell og ufør mark, over store vidder, og det krev god beinsetnad. Ein treng ikkje sette så store krav til grovleiken, den må berre stå noko så nær i høve til kroppen elles. Men dei må vera sterke og velforma. Ser ein dyret framanfrå eller attanfrå skal det vera god breidd mellom beina og dei skal stå rett. Sett frå sida skal dei og vera rette med sterke velforma kodeledar og fine hasar.

Hud og Hårlag

I det kalde og våtsame veret ein har her i landet, må ein krevja at geita er godt hårkledd. Geitene og serleg bukkane tek seg best ut når ragget er noko langt og glansfylt, men serleg under inneforinga er det ein fyremun - både for reinhaldet av geitene og for mjølkinga, at hårlaget ikkje er alt for langt. Skinnet eller huda skal vera rommeleg og mjuk med frisk' let. Ein kan ikkje sette noko sers krav til tjukk eller tunn hud, denne eigenskapen vil endra seg noko etter årstida, og etter kor. varme eller kalde, hus geitene har.

Juret

Juret skal ha god form og vera stort og rommeleg. Det skal vera godt rom mellom spenane og del skal vera høveleg store og ha ei slik form at dei fell godt i handa når ein skal mjølka. Side, sekkeforma jur, med store flaskeforma spenar er ein stygg feil. Slike jur og spenar skaper vanskar, både for del nyfødde kjea, og for mjølkinga. Og geiter med slike side jur og store spenar, har lettare for å få jurskade ute på beita. Av og til kan ein sjå geiter med fleire spenepar, men dette store senetalet er ingen føremun, det berre skjemmer juret og senkar mjølkinga.

Årsmjølkmengd for vaksne, gode geiter på vanleg for og beite:

Ca. 300 kg. mjølk og minst 3.5 % i medelfeitt.

Med tidleg kje-ing (jan.-febr.) og retteleg god foring og godt beite:

500-700 kg. mjølk og minst 3.5 % i medelfeitt.

Levande vekt for vaksne bukkar 60-80 kg.

Levande vekt for vaksne geiter 35-50 kg.

DØMMESKJEMA FOR EKSTERIØRBEDØMMING AV GEIT

Tevler: _____

Junior

Nummer

Navn

Lokallag

Fylke

Senior

Dyrets navn og nummer: _____

Navn og nummer: _____

	Maks poeng	Deltakerpoeng	Dommerpoeng	Forskjell	Vektpoeng	Feilpoeng	Merknader	Deltakerpoeng	Dommerpoeng	Forskjell	Vektpoeng	Feilpoeng	Merknader
Hode og hals	5				1								
Bryst og bøger	5				2								
Rygg	5				2								
Kryss	5				1								
Sider og lår	5				1								
Beinstilling	5				3								
Hud og hårlag	5				2								
Jur og spener	5				1								
Helhetsinntrykk	10				3								
					Sum						Sum		



Forskjell x Vektpoeng = Feilpoeng
Eksempel: 1 x 3 = 3

Dommerens poengsum 100

$\frac{\text{Sum feilpoeng}}{\text{Antall dyr}} = \text{_____} = \text{_____}$

Tevlerens poengsum = _____

_____ Dommersignatur